

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8843-1

Sogn og Fjordane Fondet AS – Skipingsdokument, vedtekter og aksjonæravtale

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til vedtak om kjøp av aksjar i Sogn og Fjordane Fondet AS, jf. FU-sak 108/16. Fylkesutvalet godkjenner skipingsdokumentet, vedtektene og aksjonæravtalen for Sogn og Fjordane Fondet AS, i samsvar med vedlegg 1-3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere skipingsdokumentet og aksjonæravtalen på vegner av fylkeskommunen.
3. Fylkesutvalet forventar at selskapet arbeider og opptrer lojalt i samsvar med dei forventingar fylkeskommunen har som eigar, sjå m.a. Eigarmelding 2016 punkt 1.8.1

Vedlegg:

- Utkast til skipingsdokument
- Utkast til vedtekter
- Utkast til aksjonæravtale

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- FU-sak 108/16 «2: Støtte til nyetablerte verksemder»
- Eigarmelding 2016:
<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3659390.2344.qeybafuptx/Eigarmelding+2016.pdf?return=www.sfi.no>

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I møte 17.10.16, under sak 108/16 «Skriv og meldingar», fekk FU framlagt eit notat om støtte til nyetablerte verksemder. Sparebanken Sogn og Fjordane, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har teke initiativ til å etablere eit nytt presåkornfond som skal tilby risikovillig eigenkapital til nye verksemder i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen syner til sak 108/16 for utfyllande informasjon om fondet. FT har sett av 3 mill. kr til presåkornfondet, jf. vedtak i sak 37/16 «Tertialrapport 2/2016».

I notatet bad fylkesrådmannen om attendemelding på om dei avsette midlane skal tilførast fondet som tilskot eller som aksjekapital. FU har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal kjøpe aksjar i aksjeselskap, jf. delegeringsreglementet punkt 4.5. FU gjorde følgjande vedtak:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune går inn som eigar i Sogn og Fjordane Fondet AS med 3 mill. kr. Aksjekjøpet vert finansiert med 1,5 mill. kr i tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge sitt tapsfond i 2016 og 1,5 mill. kr ved bruk av disposisjonsfond.»

Fylkeskommunen v/nærings- og kulturavdelinga og fylkesrådmannen har vore i dialog med Kunnskapsparken og Sparebanken angående utforminga av aksjonæravtale og skipingsdokument med vedtekter. Dokumenta er no klåre, og vert lagt fram for fylkesutvalet til godkjenning.

2. Vurderingar og konsekvensar

I det følgjande vil sentrale punkt i dokumenta verte kommentert, og vurdert opp mot aksjelova og fylkeskommunen sin eigarpolitikk.

2.1 Skipingsdokument

Aksjeinnskot

4 % av avtalt kapitalinnskot skal vere aksjekapital, medan den resterande kapitalen på 96 % vert sett av til overkursfond, sjå aksjonæravtalen punkt 3. Fylkeskommunen teiknar seg for 120 aksjar à NOK 1 000,- til kurs NOK 25 000,- per aksje.

Avtalt totalt kapitalinnskot er 6 mill. kr med slik fordeling:

Sparebanken Sogn og Fjordane	1,8 mill. (72.000,- AS-kapital, 1.728.000,- overkurs)
Sogn og Fjordane fylkeskommune	3,0 mill. (120.000,- AS-kapital, 2.880.000,- overkurs)
Kunnskapsparken	1,2 mill. (48.000,- AS-kapital, 1.152.000,- overkurs)

FT har løyva midlar til kjøp av aksjar i Sogn og Fjordane Fondet AS, jf. vedtak i sak 37/16 «Tertialrapport 2/2016»:

Kjøp av aksjar, Sogn og Fjordane Fondet AS, vert auka med 3,000 mill. kr. Aksjekjøpet vert finansiert med driftsmidlar til investering, 1,5 mill. kr og ubundne fond 1,5 mill. kr.

2.2 Vedtekter

Selskapet sitt formål

Formålet til selskapet er presisert i vedtektene § 2:

Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidlig utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.

Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Formålet er nærare presisert i aksjonæravtalen. Formålet er først og fremst å investere i bedrifter med vekstpotensial, gjennom t.d. emisjonar og andre finansielle instrument som gir eigardelar i selskapa. Fondet skal også arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning på investert kapital gjennom utvikling og realisering av investeringsporteføljen. Aksjonærene er likevel kjende med at investeringane vil kunne ha ein høg risiko, og at investeringane også har eit samfunnsmessig formål gjennom å støtte verksemder med næringsaktivitet i Sogn og Fjordane, for dermed å bidra til å styrke næringslivet i fylket.

Styret

Etter vedtektene § 5 skal styret bestå «av 3–7 medlemmer etter nærare avgjerd i generalforsamlinga». Det går fram av aksjonæravtalen punkt 5.1 at partane i avtalen har rett til å peike ut kvar sin representant i styret i fondet. Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha ¾ fleirtal i styret for å vere gyldige.

Etter delegeringsreglementet punkt 4.1 kan hovudutval for næring og kultur peike ut fylkeskommunen sin styremedlem.

2.3 Aksjonæravtale

Det er også utarbeida eit utkast til aksjonæravtale. Avtalen skal gjelde mellom dei tre aksjonærene og selskapet. Formålet med avtalen er å regulere aksjonærene sine rettar og plikter som aksjonærar i selskapet.

Av aksjonæravtalen følgjer det m.a. at investeringsporteføljen skal ivaretaast av ein forvaltar og av styret i fondet. Forvaltar er Kunnskapsparken Sogn og Fjordane ved dagleg leiar, inntil anna vert vedteke av aksjonærene i generalforsamling.

Det følgjer vidare av aksjonæravtalen at selskapet skal arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr, sjå punkt 4. Aksjonærene har som intensjon å gå inn med ytterligere midlar i fondet, etter behov og seinast innan utgangen av 2018. Dei to

andre aksjonærene har alt forplikta seg til å gå inn med ytterlegare midlar innan 2018. Fylkeskommunen har ikkje forplikta til å gå inn med meir støtte enn dei første 3 mill. kr. Ev. ytterlegare midlar frå fylkeskommunen er avhengig av framtidig budsjettsituasjon og finansieringsevne, og fylkeskommunen tek atterhald om dette i aksjonæravtalen.

Innhenting av ny kapital til selskapet skal skje ved nyteikning av aksjar (nyemisjonar). Det er lagt opp til at styret skal få fullmakt til å vedta kapitalauke ved nyteikning av aksjar, sjå skipingsdokumentet.

Aksjonæravtalen har også reglar om overdraging av aksjar, medsalsplikt, misleghald, endring av avtalen, teieplikt, opphøyr og tvistar.

2.4 Eigarmelding 2016

Fylkeskommunen sin eigarpolitikk vert vedteken kvart år ved handsaminga av eigarmeldinga. I eigarmeldinga har fylkestinget fastsett fleire krav for at vi skal gå inn som eigar i eit selskap, og krav til selskapa vi eig aksjar i.

Fylkeskommunen sin eigarskap i selskap skal for det første oppfylle eit av formåla i eigarmeldinga punkt 1.2. Sogn og Fjordane Fondet AS skal vere eit investeringselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, og fell såleis under eit av formåla, nærare bestemt «næringsutvikling».

Dersom fylkeskommunen går inn som eigar i ei verksemd, bør fylkeskommunen ta stilling til om det på same tidspunkt er hensiktsmessig å lage ein exit-strategi for selskapet, sjå eigarmeldinga punkt 1.5. Ein slik strategi skal gje føringar for når fylkeskommunen skal selje seg ut av den aktuelle verksemda. Det er vanskeleg og lite hensiktsmessig å seie noko om tidshorizonten for eigarskapen i dette selskapet, då dette vil vere avhengig av i kor stor grad selskapet klarer å oppfylle formålet sitt. Fylkeskommunen bør uansett vurdere å avvike eigarskapen dersom fondet ikkje lenger klarer å oppfylle det vedtekts- og avtalefesta formålet. Elles syner fylkesrådmannen til eigarmeldinga punkt 1.6, der det er lista opp fleire høve som gjer at fylkeskommunen bør vurdere å avvike eigarskap i selskap.

I eigarmeldinga punkt 1.7.2 stiller FT krav om at selskapet si verksemd tydeleg skal gå fram av vedtektene, og at selskapet bør ha klare mål og strategiar innanfor rammene av vedtektene. Eit preså Kornfond bør etter fylkesrådmannen sitt syn dessutan ha retningslinjer for kva bedrifter fondet skal investere i. Formålet til selskapet går klart fram av vedtektene § 2, og gir føringar for kva bedrifter fondet skal investere i. Aksjonærene skal i tillegg vedta ein overordna forretningsplan for selskapet som m.a. skal inkludere nøkkelområde, marknadsstrategiar og prioriteringar, og sentrale verdiskapande faktorar, sjå aksjonæravtalen punkt 4. Fylkesrådmannen legg til grunn at den overordna forretningsplanen vil presisere mål, strategiar og retningslinjer for investering.

Etter eigarmeldinga følgjer det også at «i tilfelle der fylkestinget eller fylkesutvalet vurderer om fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør organet ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre», jf. punkt 2.5.2. Det vert avtalefesta at partane i avtalen har rett til å peike ut kvar sin representant i styret i fondet, sjå utkast til aksjonæravtale punkt 5.1.

Det følgjar vidare av eigarmeldinga at FT som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg, jf. punkt 1.8.1 og 1.3. Fylkeskommunen har fleire forventingar til selskapa, både når det gjeld samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav, sjå mellom anna punkt 1.8.1. Når fylkeskommunen går inn som eigar i Sogn og Fjordane Fondet AS, forventar fylkeskommunen at selskapet arbeider og opptre lojalt i samsvar med dei forventingane fylkeskommunen har som eigar. FT sitt utgangspunkt er at selskapet si leiing best kan vurdere korleis slike forventingar kan følgjast opp, jf. punkt 1.8.1.

2.5 Aksjelova

Fylkesrådmannen si vurdering er at dokumenta samsvarer med aksjelova sine føresegner, m.a. minstekrava til vedtekter og skipingsdokument i § 2-3 og 2-5.

Dersom FU godkjenner dokumenta, er neste steg at selskapet vert stifta og aksjane teikna, ved at alle aksjonærene daterer og signerer skipingsdokumentet og aksjonæravtalen, jf. aksjelova § 2-9.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen si vurdering er at aksjonæravtalen, skipingsdokumentet og vedtektene oppfyller krava i aksjelova. Dokumenta samsvarer også med fylkeskommunen sin eigarpolitikk og retningslinjer for eigarutøving, jf. fylkeskommunen si eigarmelding. Selskapet fell under eit av dei aktuelle formåla i eigarmeldinga punkt 1.2.

Fylkesmannen rår fylkesutvalet til å godkjenne dei vedlagde versjonane av skipingsdokument, vedtekter og aksjonæravtale for Sogn og Fjordane Fondet AS, samt gje fylkesrådmannen fullmakt til å signere skipingsdokument og aksjonæravtale. Fylkesrådmannen rår også fylkesutvalet til å gjere selskapet merksam på at fylkeskommunen forventar at selskapet arbeider og opptrer lojalt i samsvar med dei forventingane fylkeskommunen har som eigar, m.a. etter eigarmeldinga punkt 1.8.1.